



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Sjå liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1719-

31. mars 2022

Høyring - NOU 2022: 2 Akademisk yringsfrihet

Kunnskapsdepartementet sender med dette [NOU 2022: 2 Akademisk yringsfrihet](#) på høyring.

Kunnskapsdepartementet oppnemnde 20. juli 2021 eit ekspertutval som skulle greie ut problemstillingar knytt til akademisk yringsfridom. Dette var ei oppfølging av universitets- og høgskolelovutvalet (NOU 2020: 3) og departementet si oppfølging av denne, (Prop. 111 L (2020-2021)). Utgreinga vil vera ein del av kunnskapsgrunnlaget for ny langtidsplan for forskning og høgare utdanning, som er planlagt lagt fram hausten 2022.

Departementet ber særleg om synspunkt på kva tiltak som kan og bør følgjast opp på departementsnivå, for å støtte opp om arbeidet med god kultur for akademisk frihet, akademisk yringsfrihet og formidling til samfunnet ved dei akademiske institusjonane.

Forslaget til endring i universitets- og høgskulelova § 1-5 vil bli følgt opp i arbeidet med ny universitets- og høgskulelov som er planlagt lagt fram i 2023.

Utgreinga har forslag om ein formidlingsindikator som del av resultatbasert utteljing i finansieringssystemet for universitet og høgskular. Utvalet har også synspunkt på bruk av utviklingsavtaler. Departementet ber om at synspunkt på bruk av utviklingsavtalane og på formidlingsindikatoren blir sett i samheng med [høyring av rapport frå ekspertutval om finansiering av universitet og høgskular](#) (med frist 10. juni 2022), og kommentert i den høyringa.

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Juridisk avdeling

Saksbehandlar

Ei rekke av forslaga i utgreiinga rettar seg mot dei akademiske institusjonane og deira arbeid for å tilretteleggje for akademisk yringsfridom. Departementet føreset at institusjonane vurderer desse, uavhengig av denne høyringa.

For å sikre ei god behandling av høyringssvara, så ber vi om at svara vert strukturerte i samsvar med disposisjonen i utgreiinga. Vi ber om at høyringssvar vert levert gjennom den digitale løysinga på www.regjeringen.no/id2905942.

Høyringsfristen er 25. juni 2022.

Med helsing

Hege Nygård (e.f.)
ekspedisjonssjef

Lars Vasbotten
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg: liste over høyringsinstansar